



Alver kommune
Are Frøysland Grande
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6787 - 21/52218

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
04.08.2021

Uttale søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot veg - gbnr 102/131 Vabø

Tiltak: oppføring mur langs kommunal veg
Byggjestad: Gbnr: 102/131
Tiltakshavar: Linda Mongstad Hindenes og Svein-Andre Hindenes
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS

Saka gjeld søknad om oppføring av einebustad på gbnr 102/131. Bustaden er plassert innanfor regulert byggegrense, medan det skal etablerast støttemur i strid med byggegrensa både mot kommunal veg og fellesområdet AF3. Mur skal plasserast med avstand 1 meter til nabogrense. Det er søkt om dispensasjon.

Det er gitt løyve til etablering av avkjørsle til kommunal veg i vedtak datert 18.05.2021 i sak 21/3905.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Vabø bustadfelt gnr. 102 bnr. 8, 50 og 66, planid. 1263 – 26102006, er definert som byggeområde for bustadar.


Uttale:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår:

- Mur skal være plassert slik at den ikkje kjem i konflikt med siktsoner og andre tekniske krav som er satt til avkjørsla. Dersom mur kjem i siktsoner skal maks høgde være under 0,5 meter slik at krav til sikring ikkje vert utløyst (jf. TEK17 §8-3 3.ledd bokstav b). Innsendt situasjonsplan viser ikkje at krav til sikt er stetta.
- Der mur vert plassert utanfor siktzone, skal grøfteareal mellom mur og kant kommunal veg være opparbeida slik at området ikkje innbyr til parkering eller hensetting av andre sikt-hindringar.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00



- Minste avstand mellom ytterkant mur og kant kommunal veg mur skal være minimum 1.0 meter.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader på byggverk som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg oppstår skade på mur, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av mur skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG